



RIKSANTIKVAREN  
Postboks 8196 DEP  
0034 OSLO

Dato: 28.02.2017  
Vår ref.: 2015/8944-6  
Saksbehandlar: solrong  
Dykkar ref.:

## Orientering om utlegging av klopper og stiarmering på automatisk freda lokalitetar på Rappeneset ved Fosnstraumen, Radøy kommune, Hordaland

Som regional kulturminnemynde har Hordaland fylkeskommune mynde etter § 11a. I arbeidet med tilrettelegging og synleggjering er det nokre gonger naudsynt å gjera tiltak som fell inn under § 3 i kulturminnelova. Grensa mellom kva tiltak som kan gjerast for skjøtsel og tilrettelegging utan dispensasjon frå kulturminnelova er ikkje eintydig, og Hordaland fylkeskommune finn det difor rett å informera Riksantikvaren i dei tilfelle der me vil gje løyve til å gjennomføra tiltak på lokalitetar og det etter vår vurdering ikkje er naudsynt å søkje formell dispensasjon frå kulturminnelova.

Hordaland fylkeskommune vil med dette varsle Riksantikvaren om at me gjev løyve til gjennomføring av følgjande mindre tiltak for å tilretteleggja og sikra kulturminnelokalitetar på Rappeneset i Radøy kommune.


- Utlegging av klopper på lokalitet ID 60575 og ID 55260
- Utlegging av klopp i sikringssona til lokalitet ID 55263
- Utlegging av stinett eller anna stiarmering på lokalitet ID 55260

Hordaland fylkeskommune har hatt dialog med Universitetsmuseet i Bergen og vurderer tiltaka som naudsynte sikringstiltak av avgrensa omfang.

### Bakgrunn

På Rappeneset ved Fosnstraumen i Radøy kommune er det ein eldre kultursti som synleggjer kulturminna i området. Riksantikvaren har løyvd midlar gjennom BARK til oppgradering av tilrettelegginga. Området er prega av tørre ryggar og flater med våtare drag i mellom. Stien er mykje tilgrodd, og det har vore eit problem at den delvis ligg i svært vått terreng. Eit mål ved oppgraderinga var difor å flytta stien til ein meir eigna trase. Det er registrert ei rekke steinalderlokalitetar i området, og då dette er eldre registreringar er ikkje kartfestinga i Askeladden heilt nøyaktig og ein må venta avvik på nokre meter. Det er difor ikkje tilstrekkeleg å dra stien utanfor det kartfesta arealet. I dag går stien over fleire lokalitetar. Topografien i området, saman med fokuset på formidling og sikring, legg sterke føringer på kvar stien kan plasserast. Til ei viss grad kan ein styre ferdsla utanom lokalitetar, men av omsyn til formidling og opplevinga av landskapet er det ikkje alltid mogleg å trekka stien vekk frå kulturminna. Dersom den merka stien vert opplevd som lite attraktiv vil truleg folk halde fram med å gå i den gamle traseen eller der dei sjølv ynskjer. Av omsyn til å sikra lokalitetane mot slitasje og oppnå ei god formidling er det viktig å samla ferdsla i ein stitrase.


### Askeladden ID 55260 på Rappeneset – Klopp og stiarmering



Biletet til høgre er tatt mot vest og viser eit svært vått drag i kanten av ein lokalitet. Lokalitet ID 55260 ligg på andre sida av det våte partiet. Det våte draget strekkjer seg heilt ned til sjøen. Stien er plassert slik at den kryssar ID 55260 då dette er punktet der det våte draget er smalast, og det er minst stigning i kantane. Det er i tillegg ynskjeleg at stien ligg her då den held fram mot øvre del av ID 60574 og går i skråninga i øvre del av denne lokaliteten. Dette gjer det mogleg å unngå ferdslle tvers over denne lokaliteten, og ein kan sjå ned på lokaliteten frå stien. Funna på ID 55260 skal liggja i eit sandlag. Sondering med jordbor gav 50cm torv der kloppa skal liggja. Stien held fram over lokaliteten, og det er allereie vått og noko opptrakka her. Etter prøvestikkskjema frå registreringa skal det her vera mellom 15 og 20cm torv over funnførande lag. Hordaland fylkeskommune finn det difor naudsynt å sikra dette området, og vil gje løyve til utlegging av stinett/stiarmering for å sikra at stien ikkje grep seg ned i markoverflata.



### Askeladden ID 55263 og ID 60575 – Klopp



Stien føl langsetter lokalitet ID 60575. Det er her ikke mogleg å endra traseen ettersom det er svært vått i bakkant av lokaliteten, samt at det er inngjerdet til beite. Eit naturleg søkk i berget gjer at det er svært vått på eit punkt på lok ID 60575. Her er det allereie ein opptrakka sti, og det er trakka greiner ned i det våte partiet for å gjera ferdsle lettare.

Sondering med jordbor viste matjord over berg på begge sider av det våte partiet. Å leggja ut ei klopp her vil sikra lokaliteten mot trakk og gjera ferdsle enklare. Biletet er tatt mot sør aust.



Det er eit svært vått parti tett ved lokalitet ID 55263. Biletet er tatt mot nordvest, og lokaliteten skal liggja på flata lenger bak i biletet. Det er svært vasstrukne massar her, og det er naudsynt å leggja ut ei klopp for å sikra at det er lett å ferdast her. Ei klopp vil òg sikra at det ikkje vert meir opptrakka.



### Tiltaket

I det aktuelle terrenget er klopper over dei våte partia det mest naudsynte tiltaket. Dette fordrar at stien ligg i område der det ikkje er bratt å ta seg ned til det våre partiet, og der kloppa vert i handterleg lengde. I tillegg er det einskilde stader opptrakka i overflata. Nokre stader er det tjukke torvlag, og lite fare for skade. Andre stader veit me at torvlaget er tynnare, og ynskjer å ta grep for å sikra at det ikkje vert slitasje i stien. Det er fleire produkt på marknaden som kan leggjast på markoverflata og som let vegetasjonen halde fram med å vekse. Føremålet med produktet er å forsterka overflata for å sikra at stien ikkje grev seg ned i bakken ved bruk.

### Vurdering

Hordaland fylkeskommune har gjort følgjande vurderinger i saka.

- Stien unngår så mange kulturminne som mogleg. Der den kryssar kulturminne er dette den mest realistiske traseen som vil krevja minst tilrettelegging.
- Sondering med jordbor på dei aktuelle punkta viser anten at det ikkje er massar med potensiale for funn eller at det er tjukke (50cm) torvlag over punkta der kloppa vil liggja.
- Områda er allereie opptrakka, og tilrettelegginga er eit sikringstiltak like mykje som eit tiltak for å tilgjengeleggjera kulturminna.
- Tilrettelegginga vil ikkje medføra noko form for graving i bakken, og er fullt reversibel.
- Der stien kryssar lokalitetar og det ikkje er tjukk torvvekst vil det verte lagt stiarmering som ikkje krev graving i bakken men kan leggjast på overflata. Det vil verte valgt eit produkt som let vegetasjonen veksa gjennom armeringa, og føremålet vil vera å sikra overflata mot trakkskader. Dette er også fullt reversibelt.
- Tilrettelegginga vil ha avgrensa omfang, og vil ikkje vera visuelt skjemmande. Stien vert ikkje opparbeidd utover klopper og stiarmering, men vert merka for å sikra at ferdsla vert samla i ein trase.
- Ein ventar avgrensa omfang på bruken av området.
- Universitetsmuseet i Bergen er informert om tiltaket og er positive til arbeidet.

- Hordaland fylkeskommune vil gjera tiltak for å flytta eller ytterlegere sikra stien dersom det viser seg at planlagt tilrettelegging ikkje er tilstrekkeleg til å sikra kulturminna mot slitasje. Eit slikt arbeid vil i tilfelle verte gjennomført i samråd med Universitetsmuseet i Bergen.

Hordaland fylkeskommune vurderer at ettersom tiltaket vert gjennomført i samråd med Universitetsmuseet i Bergen og omfanget er svært avgrensa, reversibelt og vil vera med på å sikra lokalitetane mot slitasje, kan tiltaket gjennomførast utan dispensasjon frå kulturminnelova. Dersom Riksantikvaren har merknader til tiltaket ber me om tilbakemelding om dette.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Solveig Lohne Rongved  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*